



Dagrún Johanne




Norunn



Marianne



Áshild



Brítt

# Ársmelding 2008

*Skípa 1910*

#### MEDLEMMER

■ Direkte medlemmer	: ca. 22 000 medlemmer
■ Fylkeshusflidslag	: 19
■ Lokallag	: ca. 370
■ Husflidhandverkarlag	: 8
■ Husflidsutsal	: 38

#### **Indirekte medlemmer gjennom kollektivt medlemskap:**

- lag med husflid på programmet sitt, hovudsak husmorlag og bygdekvinnelag
- skular, museum og andre organisasjonar

#### LANDSMØTET

Fylkeshusflidslaga, husflidsutsala og fylkeshusflidshandverkarlaga har utsendingar med stemmerett på landsmøtet.

Landsmøtet er Norges Husflidslag si høgste myndigheit. Landsmøtet skal no, etter vedtektsending for NH i år 2000, haldast annakvart år, og ikkje kvart år som tidlegare.

#### STYRET I NORGES HUSFLIDSLAG (NH)

Norges Husflidslag vert leia av eit styre på 7 medlemmer med personlege varamenn valde av landsmøtet.

#### SEKRETARIATET

Sekretariatet har adm. direktør og 8 medarbeidarar (i heil- og deltidstillingar) som tek seg av:

- **Synleggjering – Organisasjonsutvikling**
- **Kompetanseheving – Fellesteneste**

#### **Sekretariatet sine generelle arbeidsoppgåver:**

Husflidskonsulenttenesta, Vaksenopplæringa, Norsk Husflid, Internasjonalt samarbeid.



## Skípa 1969

### MEDLEMMER

Direkte medlemmer : 774; Vaksne: 609, Born/ungdom: 165  
17 lokallag

### ÅRSMØTE

Utsettingar frå lokallaga.

### STYRET

Lagleiar og 4 medlemmer valde av årsmøtet.

### SEKRETÆR

Sekretær i halv stilling.

### KONTORSTAD

Igelkjøn, Flekke.

### HUSFLIDEN BERGEN A/S

Sogn og Fjordane Husflidslag er medeigar i Husfliden Bergen A/S. Selskapet vart omdanna til aksjeselskap med verknad frå 1. januar 1996, og tok namnet Husfliden Bergen A/S. Aksjeeigarane er Hordaland- og Sogn og Fjordane Husflidslag med likt medeigarskap.

### Med i styret for Husfliden Bergen A/S:

- Kari Larsen - Florø Husflidslag
- Eva Ramstad - Sogndal Husflidslag

### Valnemnda for Husfliden Bergen A/S:

- Dagrún Johanne Hesjevoll - Sogn og Fjordane
- Britt Mari Gjerde Hesjedal - Hordaland
- Kari Larsen - Husfliden Bergen A/S



# Årsmelding 2008

## INNLEIING

Styret for Sogn og Fjordane Husflidslag har 5 faste medlemmer; lagleiar, nestleiar, studieleiar og to styremedlemmer.

## STYRESAMANSETJING 2008

Lagleiar : Dagrun Johanne Hesjevoll, Jostedal  
Nestleiar : Norunn Befring Hjellbrekke, Vassenden  
Studieleiar : Marianne Nesse, Årdal  
Styremedlem : Britt Midtbø, Rugsund  
Styremedlem : Åshild Dombestein, Davik

1. varamedlem : Ragnhild Hukset, Førde  
2. varamedlem : Bodil Johnson, Nordfjordeid  
3. varamedlem : Svanhild Breisnes, Kaupanger

Representant til folkekulturforbundet: Marianne Nesse

## SEKRETÆRORDNING

Sogn og Fjordane Husflidslag har sekretær i 50 % stilling.  
Dagrun Ylvisåker Igelkjøn har denne funksjonen.

## STYREMØTE

Sogn og Fjordane Husflidslag har i meldingsåret hatt 5 styremøte. Styret har handsama 18 saker.

Det første møtet vart halde på Skei Servicesenter, Skei, det andre på Selje Hotel, Selje, og dei tre andre pr. telefon.

1. varamedlem har delteke fast på styremøta. Dei andre vararepresentantane har fått tilsendt innkalling og referat.

## KONTORUTSTYR

SFH-kontoret er i dag utstyrt med:

- Acer Aspire 5043 WLMI AMD
- Lexmark multifunk P4350
- Lexmark laserskriver E232
- Blekkprinter – HP 710 (på lager)
- Laserprinter – OKI 6W (på lager)
- Scanner – Canon
- Fax – Canon B 150
- ISDN-telefon – Hagenuk
- Trådløs telefon – Siemens Gigaset CX 340 ISDN
- Mobiltelefon – Nokia 6680 GSM 3G
- Logitech V200 cordless mouse

I tillegg kopieringsmaskin, reknemaskin og ryggsekk til bærbar PC.

## ØKONOMI

Sogn og Fjordane Husflidslag søker kvart år om driftstilskot frå

### **Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Fylkeskulturdirektøren**

Tilskot drift 2008	kr. 200 000,00
<b>Sparebanken Sogn og Fjordane</b> , gåve	kr. 6 000,00
<b>Luster Sparebank</b> , gåve	kr. 2 000,00
<b>Medlemskontingenten</b> , refusjon	kr. 42 986,00
Medlemstalet i år er <b>774</b> mot 730 i fjor.	
<b>Husfliden Bergen A/S</b> , aksjeutbytte	kr. 30 000,00

*Styret takkar for god støtte!*

### **Årsresultatet viser eit overskot på kr. 370,78**

## ÅRSMØTET 2008

Årsmøtet vart halde på Selje Hotel, Selje, 07. – 09. mars. I alt 31 personar deltok; 26 med stemmerett, 3 observatørar og 3 andre.

Årsmøtesamlinga vart ein suksess - og ei flott oppleving å ha med seg. Vertskapslaget, Kjerringa Husflidslag, diska opp med ein strålende programmeny, som inneheldt alt frå synfaring og lunsj i aktivitetshuset deira på Stadlandet til praktisk aktivitet og flott song og pianospel av born og unge.

Fredag kveld baud vertskapslaget på kurs; hardangersaum og japansk bretteteknikk. Åtte av deltakarane fordjupa seg i hardangersaum medan resten gav seg i kast med japansk bretteteknikk.

Interessa var upåklageleg for begge oppgåvene, og det leid langt på kveld før deltakarane "tok kvelden".

Laurdagen starta med ein lang og god frukost og ord for dagen av Ragna Oline Myklebust. Deretter gjekk turen til "Doktorgården" med antikvitetsutsal og butikk med "ting og tang".

Rundt middagstid gjekk turen til Stadlandet, der Kjerringa Husflidslag diska opp med nydeleg betasuppe og kaffi i det trivelege lagslokalet, som dei leiger i gamleskulen.

På ettermiddagen samlast vi til minikonsert på hotellet, der nokre av dei yngste på kulturskulen underheldt med song og pianospel.

Festmiddagen om kvelden inneheldt gode kulturelle ingrediensar i tillegg til "Havets festbord".

Ordførar Gunn Vårdal Helgesen var med oss, og ho fortalde litt om kva Selje kommune har å by på.

Nokre born frå kulturskulen underheldt med fengande pianospel og song.

Tradisjonen tru hadde vi lotteri på mange fine gevinstar, som lokallaga hadde med.

Husflidshandverkar Aud Hjelle hadde teke turen til Selje og samlinga vår, og vi fekk sjå og prøve kolleksjonen hennar.

Jakkar og kåper med tilbehør i ullfilt, og fleire fornya garderoben sin her.

#### DELTAKARAR PÅ ÅRSMØTET

Frå styret var desse til stades:

- Dagrún Johanne Hesjevoll, leiar
- Norunn Befring Hjellbrekke
- Ragna Oline Myklebust
- Marianne Nesse
- Britt Midtbø

#### VAL

##### Til styret vart desse valde:

Lagleiar, 1 år	: Dagrún Johanne Hesjevoll	- attval
Styremedlem, 2 år	: Åshild Dombestein	- ny
1. varamedlem, 1 år	: Ragnhild Hukset	- ny
3. varamedlem, 2 år	: Svanhild Breisnes	- attval

##### Valnemnd 2009:

Magni Knapstad Hjertenes	: Florø Husflidslag	- attval
Berit Lotsberg	: Eid Husflidslag	- ny

##### Revisor:

Gunnar Råheim, Viksdalen

#### REPRESENTASJON

- 01. – 03.02.08: Oslo  
**Dagrún Johanne Hesjevoll: Fylkesleiarsamling**
- 23.04.08: Bergen  
**Dagrún Johanne Hesjevoll: Generalforsamling Husfliden Bergen A/S**
- 12. – 15.06.08: Tønsberg  
**Dagrún Johanne Hesjevoll, Britt Midtbø, Bente Thora Borgundvåg: Landsmøtet**

- 07. – 09.11.08: Bergen  
**Dagrun Johanne Hesjevoll og Dagrun Ylvisåker Igelkjøn:**  
*Fylkesleiarsamling*
- Heile året:  
**Dagrun Johanne Hesjevoll:** *Møte i Arbeidsutvalet (AU)*

#### AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

For å følgje opp målsetjingane i arbeidsplanen har styret arbeidd med følgjande:

- ÅRSMØTE m/samling, Selje/Stadlandet, 07. – 09. mars
- MEDARBEIDARSAMLING, Eid, 24. – 25. oktober
- MEDLEMSBLAD

#### KURS

Sogn og Fjordane Husflidslag arrangerte kurs i samband med medarbeidarsamlinga på Eid 24. – 25.10.08.

#### MEDARBEIDARSAMLING

Fylkeslaget inviterte til medarbeidarsamling 24. – 25. oktober på Bryggen Hotel, Eid. I alt 33 personar deltok.

Samlinga omfatta følgjande 4 kurs:

Organisasjon	Lærer: Synøve Eriksen Vadøy
WEB-heimesider	Lærer: Kristoffer Oftedal
Broderi	Lærarar: Åshild Dombestein, Britt Midtbø
"Ung Husflid"	Lærer: Dagrun Johanne Hesjevoll

Fylkesstyret mottok svært gode tilbakemeldingar både for tilrettelegging og gjennomføring av kursa. Alle deltakarane var svært positive, og i følgje evalueringa svara samlinga til forventningane og vel så det. Ønskje om oppfølging på fleire av kursa vart bore fram.

#### AKTIVITETSSTIPEND

Fylkesstyret mottok ingen søknad til aktivitetsstipend i meldingsåret.

#### MEDLEMSINFO

Medlemsbladet vart utsendt i år etter god innsats av redaksjonsnemnda - med Marit Elvekrok, Luster Husflidslag, Ragna Oline Myklebust, Svelgen og omegn Husflidslag, Margrethe Hoddevik, Kjerringa Husflidslag, – og mykje godt stoff frå lokallaga våre.

#### HUSFLIDSDAGEN

Husflidsdagen gjekk av stabelen 13. september.

Tema var: Sting i tiden.

Dei lokale arrangementa var det lokallaga sjølve som hadde ansvaret for.

#### SLUTTORD

2008 har vore eit jamt bra arbeidsår for laget.

Born og unge var framleis satsingsområde for Norges Husflidslag og responsen har vore stor i fylket vårt. Vervinga har teke skikkeleg fart hjå lokallaga, og det er no 165 unge medlemar i Sogn og Fjordane. Dette gjer at me på landplan ligg på sølvplass andre år på rad. Gratulerer til dykk i lokallaga som står for dette arbeidet!

Medarbeidarsamlinga vår vart ei fin og god samling, med "matnyttige" kurs og god stemning. Det var gledeleg å sjå at så mange ville lære meir om organisasjonskunnskap. Det vert lettare å drive eit lag når ein kjenner organisasjonen og rutinane. Synøve, konsulent, har vore ei god inspirasjonskjelde, og mange vil ha meir av dette slaget. Me vonar på mange slike flotte og trivelege treff i framtida.

Den flotte breiddegåva frå Sparebankstiftelsen har resultert i at mange har fått realisert innkjøp av nytt utstyr til laga - som igjen fører til meir aktivitet for born og unge.

Elles har situasjonen i NH sentralt prega organisasjonen. Den triste økonomiske stoda har gjort til at fleire er blitt oppsagt på sentralt hald, og konsulentar er i permitterte i noko av stillinga si. Men samstundes er konsulentane pålagde meir arbeid i eige fylke, så her må lokallaga nytte høvet til å få god hjelp til aktivitetane sine.

Husflidsbutikken vår i Bergen er på flyttefot i vår, og me håpar at flyttinga går fint og at det ikkje vil slår negativt ut for driftsresultatet. Siste åra har økonomien vore god, og det har komme godt med at me har fått utdelt aksjekapital til laget vårt.

Til slutt takkar me alle lokallaga og medlemene sine for det gode arbeidet som vert lagt ned for å bevare og vidareføre husflid- og handverks-tradisjonane våre. Me takkar òg sekretæren vår for godt arbeid gjennom året!

## STYRET TAKKAR

- Fylkeskulturetaten i Sogn og Fjordane
- Lokallaga
- Husflidskonsulenten i Sogn og Fjordane
- Husfliden Bergen A/S
- Hordaland Husflidslag
- Norges Husflidslag
- Musea i Sogn og Fjordane

for godt samarbeid i 2008!

Skei i Jølster, 31. januar 2009

Dagrun Johanne Hesjevoll  
- leiar -

Norunn Befring Hjellbrekke  
- styremedlem -

Marianne Nesse  
- styremedlem -

Britt Midtbø  
- styremedlem -

Åshild Dombestein  
- styremedlem -

# Sogn og Fjordane Husflidslag har desse hjelpemidla til utlån pr. 31.12.08

## **LYSBILETESERIEAR MED FØLGJANDE INNHALD:**

- Fylkeshusflidsmønstringa i Førde, 19. – 21. september 1986.
- Husflidsutstillinga "Dekor på tre og klær", Nordens Hus, Torshavn, Færøyane, august 1986 – med tekst.
- Nordisk husflidsutstilling under det 19. nordiske husflidstinget i Kuopio, Finland, 1. – 4. juli 1986.
- Broderiutstillinga "Broderi på kle", Sunnfjord Museum, september 1986 – med tekst.
- Kursveke med heile familien, Heimeyrkeskulen i Jølster, 1983.
- Norges Husflidslag sitt landsmøte 1984.
- Medarbeidarkurset 1984, Vassenden, Jølster.
- Det 18. nordiske husflidstinget i Danmark, 1982.
- Det 20. nordiske husflidsting, 4. – 6. juli 1989, Sunne i Värmland, Sverige.
- Det 21. nordiske husflidsting, 29. juni – 2. juli 1992, Reykjavik, Island.
- "Puter til Pryd og Nytte", 1. juli – 22. august 1990.  
Utstillinga på Maihaugen - og alle 30 putene som vart uttekne frå fylket vårt. I tillegg register med bilete over 150 innsamla puter i Sogn og Fjordane.
- Medarbeidarsamlinga 1990, Heimeyrkeskulen i Jølster.
- Medarbeidarsamlinga 1991, Heimeyrkeskulen i Jølster.
- "O jul med din glede". Frå utstillinga på Maihaugen 22. juni – 18. august 1991. Og alle tinga som kom inn til SFH. I tillegg register over alle dei 61 tinga som vart innsamla her i fylket.
- Vandreutstillinga "Flid & Flørt", i Bergen 1995.

## **VIDEO:**

- Knipling for barn, produsert for Akershus fylkeshusflidslag.
- Toving for barn, produsert for Akershus fylkeshusflidslag.

## **Sogn og Fjordane Husflidslag eig og ei knivsamling – oppbevart på Sunnfjord Museum, Movika, Førde**

- 3 utstillingskassar som viser knivproduksjon
- Registreringspermar med bilete
- 3 lysbiletseriar
- Bøker om kniv

# Lokallag tilslutta Sogn og Fjordane Husflidslag

**Medlemstal er betalte medlemmer pr. 31.12.08:**

	<i>Tal medlemmer:</i>
Aurland Husflidslag	36, herav 1 barn/ungdom
Borgund Husflidslag	13
Davik og omegn Husflidslag	45, herav 23 born/ungdom
Eid Husflidslag	35, herav 10 born/ungdom
Florø Husflidslag	160, herav 42 born/ungdom
Hyllestad og Høyanger Husflidslag	9
Kjerringa Husflidslag	54, herav 18 born/ungdom
Leikanger Husflidslag	6
Luster Husflidslag	56, herav 2 born/ungdom
Lærdal Husflidslag	38
Midtre Sunnfjord Husflidslag	93, herav 24 born/ungdom
Sogndal Husflidslag	37
Stryn Husflidslag	2
Svelgen og omegn Husflidslag	46, herav 14 born/ungdom
Vik Husflidslag	66, herav 44 born/ungdom
Ytre Gulen Husflidslag	16
Årdal Husflidslag	19, herav 2 born/ungdom